



Kunnskapsdepartementet

Vår ref.:
2013/291-10/A10

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Marianne Bolghaug

Dato:
20.01.2017

Høyringsvar - "forslag til ny forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver"

1. Generelle kommentarar,
2. Kommentarar knytt til enkelte kapittel
3. Uttale i høve til dei fire spørsmåla frå KD

1. Generelle kommentarar

Ja til meir spissa rammeplan – spissing av ansvar, juss og regelverk.

Det er ryddig og gjev meir oversikt at «fagprosaen» er skalert ned, og at den likevel er tilstrekkeleg til å vere eit svært godt bidrag til tolking av rammeplanen som forskrift.

Omgrepet *barnehagelærar* er ikkje brukt, berre *pedagogisk leiar og styrar*. Kva vil det gjere med profesjonen at omgrepet ikkje vert brukt? Til samanlikning vil det på skolen sitt område vere heilt utenkeleg og ikkje bruke omgrepet *lærar* i læreplanen, Kunnskapsløftet.

Barnehagelærarane sine serlege føresetnader for å arbeide med barn må kome fram i rammeplanen.

Planen er truleg for ambisiøs i forhold til kompetansen i feltet:

- Noreg har for få barnehagelærarar
- Barnehagelærarutdanninga er for kort, 3 år
- Kva gjer det med rekruttering av gode kandidatar til utdanning og yrke når barnehagelærarutdanninga er to år kortare enn lærarutdanninga?

Postadresse

Aukraringen 25
6480 Aukra

E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse

Aukraringen 25
Org.nr. 964 981 337

www.aukra.kommune.no

Telefon

71 17 15 00

Telefaks

71 17 15 01

Bank

9650.26.60192

Bankkto. skatt

6345 06 15473

2. Kommenterar knytt til enkelte kapittel

Barnehagens verdigrunnlag

Det heilskaplege synet på barn og den nordiske barnehagetradisjonen står fortsatt sterkt i høyringsforslaget. Leik er fortsatt viktig.

Refleksjon vert forventa ved at personalet skal vere *bevisst* si rolle. Dette er tydeleggjort i forslaget.

Individ og fellesskap står fortsatt jamstilt.

Barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn. Dette kom inn i Grunnlova i 2014. Barnehageområdet får det endeleg inn i forskrifta no. Det bør inn i lova ved første høve.

Det er bra at barnehagen vert sett på i eit her-og-no perspektiv og i eit livslangt perspektiv. Ikkje berre i eit førebuing til skole-perspektiv.

Avsnittet om mangfald og gjensidig respekt er godt. Forslaget er tydelegare på at barnehagen må ta inn over seg av samfunnet er multikulturelt. Verda er tettare på oss og vi må sjå enda meir ut i verda slik vi tolkar det. Å bruke mangfald som ressurs er eit spanande perspektiv i arbeidet med å utvikle barnehagen til ein fleirkulturell barnehage. Vi har ein veg å gå for å kome dit, men dette er viktig.

Vi likar at det er beskrive lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv på berekraftig utvikling. Utfordringa til barnhagen vert å finne ein god progresjon på dette – å sjå meir og meir ut i verden – på det store biletet. Barnehagen bør vere ei motvekt til samfunnet sitt stadig aukande bruk og kast.

Omgrepet *livsmestring* er godt. Barnehagen skal ruste barna til å tåle livet, og kome styrka gjennom vanskelege episodar eller periodar.

Eit styrka helseperspektiv i forslaget er positivt og tidsriktig, og at både psykisk og fysisk helse har fokus.

Forslaget er tydeleg på korleis barnehagen skal møte krenkingar eller mobbing. Flott at omgrepa *krenking* og *mobbing* er med. Det er viktig at Utdanningsdirektoratet følgjer opp korleis vi skal arbeide med dette. Mykje bra ligg allereie på heimesida til Udir.

Flott at avsnittet om barnehagen og personalet si rolle overfor barn som kan vere utsatt for omsorgsvikt, vald og seksuelle overgrep er teke inn. Det kunne vore presisert den enkelte tilsette sitt sjølvstendige ansvar i høve til opplysningsplikta, ikkje berre personalet som gruppe.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Korleis er det tenkt at barnehagen skal utveksle observasjonar med foreldre om gruppe? Det er viktig med medverknad, men det er ei hårfin balanse i forhold til teieplikt. Kan dokumentasjon av verksemda som vert sendt ut til foreldra, reknast som ei slik utveksling? Som til dømes månadsinformasjon eller månadsdokumentasjon? Denne teksten kan forplikte oss på å samarbeide om det sosiale klima i gruppa med tanke på venskap, inkludering, krenking og mobbing. Det er positivt.

Foreldresamarbeidet skal ha barnet sitt beste som mål. Ei heilskapleg tenking må til for å ta i vare omsynet til enkeltbarnet og gruppa.

Kva for innhald vert lagt til *observasjonar* og *vurderingar*? Er det ei utviding til systematisk kartlegging av alle barn? Det er viktig å gi barnehagelærar handlingsrom til å bruke utdanninga si og profesjonelle skjønn for å gjere desse vurderingane.

Utveksling av informasjon kring kvart enkelt barn er viktig. Henting og bringing er ein sentral arena for dette.

I høve gruppenivå er det viktig at foreldre er involvert i gruppa sin trivsel og utvikling, også dersom gruppa har utfordringar som ekskludering og mobbing. Det er barnehagen som må vurdere kva som kan deles med foreldra eller ikkje (jfr teieplikt). Foreldre må få vite kva som er positivt i gruppa, og kva som det til ein kvar tid er fokus på. Informasjon til foreldra er viktig for at dei skal kunne vite om, og ha muligheit til å uttale seg om ulike sider ved drifta.

Barnehagens formål

Formålsparagraf 1 og innhaldsparagraf 2 bør siterast i rammeplanen, slik at lovgrunnlaget som rammeplanen bygger på er tydeleg.

Forslaget er tydeleg i dette kapittelet, med «personalet skal» - beskrivingane.

Vi ser at barnehagen skal ivareta omsorg og leik og å fremme danning og læring, og at desse har fått eigne avsnitt i kapittelet. I tillegg er det kome til to område til, *sosial kompetanse* og *kommunikasjon/språkleg kompetanse*, som høyringsforslaget legg vekt på at barnehagen skal fremme. Dei områda har og fått eigne avsnitt i kapittelet. I barnehageloven står det at omsorg og leik «berre» skal *ivaretakast*, og danning og læring skal *fremmast*. Sosial kompetanse og kommunikasjon/språkleg kompetanse er viktige områder som barnehagen skal fremme. Vi må passe på at omsorg og leik ikkje kjem i skuggen av desse, men ha sin viktige plass integrert i desse.

Under avsnittet om omsorg skulle det stått noko om barnet si sjølvkjensle opp mot sjølvtilit. Det er to ulike storleikar. Vi finn det på side i 9 i høyringsforslaget om sosial kompetanse, men det høyrer også naturleg til her.

Beskrivinga av at barnet ikkje berre skal vere mottakar av omsorg, men at barnehagen og skal verdsette barns eigne omsorgshandlingar er veldig bra! Det er viktig at barn lærer å vere andreorientert på denne måten.

Leiken skal ha ein sentral plass. Difor kunne det stå meir om leiken sin plass, og leik kunne vore meir gjennomgåande i dokumentet. Å synleggjere leiken sin betyding og framheve leiken sin status i den norske og nordiske barnehagetradisjonen er spesielt viktig overfor det mangfald av barn og foreldre vi har i barnehagen. I mange kulturar har leiken heilt anna status enn det som tradisjonelt har vore i den norske.

Dei individuelle uttrykka, som vert beskrive under avsnittet om danning, utfordrar og inspirerer oss. Det skal bli spennande å arbeide med. At alle barn vert høyrd, sett og imøtekome er sær s viktig.

Det er kjekt å sjå på papiret at barnehagen skal framelske evna til å yte motstand. Skal vi ha innovasjon må vi ha fram barn sine meiningar, nye idear, protestar og ønskje om medverknad.

Under avsnittet om læring bør det stå beskrive leiken som arena for læring og alt som skjer av læring i den frie leiken. Det er i den frie leiken og i læringsmiljø kor dei tilsette er aktive, bevisst, utdjupar og fordjupar og følgjer barna sine magnetar og initiativ at læring skjer.

Avsnittet om kommunikasjon og språkleg kompetanse har tydelege forventningar til at barnehagen skal følgje med på barnas kommunikasjon og språk. Det er bra at det ikkje er krav til korleis det skal gjerast og at det ikkje er krav til kva barn skal kunne på ulike nivå.

Barnehagens arbeidsmåtar

Det er flott at det er teke i vare at arbeidsmåtar skal ta utgangspunkt i enkeltbarn, barnegruppe og lokalmiljø, og at det er ei forventning om val av arbeidsmåtar opp mot intensjon i rammeplanen. Dette er viktige premiss for kvaliteten på barnehage tilbudet.

Det står ikkje kven som skal velje arbeidsmåtar, men med utgangspunkt i det som er beskrive i høyringsutkastet er det naturleg at val av arbeidsmåtar ligg til barnehagen å bestemme. Å velje arbeidsmåte må ligge til dei som har profesjonsutdanning i barnehagen.

Det står tydeleg og forpliktande om progresjon og det er kopla opp mot det konkrete; pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker og materiell og det fysiske miljøet. Dette står det lite om i gjeldande rammeplan, så det er bra det kjem inn.

At det viktigaste ved barnehagen sin digitale praksis er å utforske og å skape, og at det er tydeleg at personalet skal vere aktive saman med barna i bruk av digitale verkty, er bra.

Barnehagens fagområder

Bra at det ikkje er kompetansemål, men fokus på pedagogiske prosessar med utgangspunkt i barna sitt engasjement og bidrag. Måla i fagområda skal ein nå ved at barna skal oppleve og erfare utan at det står at dei skal kunne.

Leiken si betyding for læring bør takast igjen i dette kapittelet.

God oppbygging av fagområda.

Det er positivt at barnehagen skal bidra til at barna vert kjent med eigen kropp og utvikle bevissthet om egne og andre sine grenser.

Bra at risiko er med som positivt bidrag.

Ansvar og roller

Sjølv om rammeplanen viser til lova er det viktig at barnehagelærarprofesjonen vert fremja i rammeplanen.

Ordet «ansvar» står berre ein gong i kapittelet. Det er ikkje slik at eigar har ansvar og styrar og pedagogisk leiarar berre har roller som gjennomførarar. Begge nivå har ansvar. Dette bør kome fram i ansvarsfordelinga.

Kven er *barnehagen*? Kven er *personalet*?

Barnehagen som pedagogisk virksomhet

Kven har ansvar i dette kapitlet?

Tilvenninga bør inn i årsplanen.

Korleis dokumentere vurderingane om enkeltbarn og barnegruppa sin trivsel og allsidige utvikling?

Det er viktig at det står om det etiske perspektivet ved dokumentasjon.

Overgangar

Det er positivt at det er eit eige kapittel om overgangar. Skulle overgang mellom avdelingar, og mellom barnehagar vore omtalt ?

Ein saknar at det står noko meir om kva kvalitet tilknytning og gode relasjonar skal ha, ikkje berre at det skal vere. Kva eigenskapar, haldningar og verdiar krev det av dei vaksne som jobbar i barnehagen?

3. Uttale i høve til dei fire spørsmåla frå KD

1. Vurdering om forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument.

Framlagt forslag gjev eit tydelegare styringsdokument for politikarar, kommunen som tilsynsmynde, eigarar og barnehagen. Det står meir kva barnehagen *skal* for å innfri forventningane i lowerket.

Det er positivt at det byggjer på eksisterande rammeplan og samtidig teke inn det nye og framhevar område som er tidsriktige å arbeide med, og som det er forskingsbasert kunnskap om i samfunnet.

2. Vurdering om forslaget til ny rammeplan fungerer som eit velegna arbeidsdokument for barnehagepersonalet

Forslaget vil fungere som eit velegna arbeidsdokument for barnehagepersonalet.

Forslaget er kortare og meir konkret, noko som gjer det lettare å arbeide etter.

Under ansvar og roller kunne ein likevel ønskt at det sto om styrar og pedagogisk leiar sitt faglege og pedagogiske ansvar.

Forslaget til ny rammeplan krev meir barnehagefagleg kompetanse for tilsette i barnehagar og kommunar.

3. Vurdering om forslaget til ny rammeplan ivaretek det breie samfunnsmandatet

Vi meiner at forslaget varetek det breie samfunnsmandatet.

Forslaget er mellom anna oppdatert på fagområda, tilvenning, helse, mangfald.

Leiken si rolle og betydning kunne vore meir gjennomgåande i dokumentet

4. Vurdering om kva delar av rammeplanen som bør utdjupast med veiledningsmateriell

Det er ønske om rettleiingsmateriell på desse områda:

- **livsmestring, psykisk helse, mobbing og krenkingar**
- **progresjon i det pedagogiske arbeidet**
- barn som treng ekstra hjelp
- samarbeid med ppt og barnevern
- barnehagen sitt verdigrunnlag
- overgangar
- medverknad
- relasjonskompetanse og tilknytning
- barnehagen sin digitale praksis
- forebygging, oppdaging og handtering av barn som kan vere utsatt for vald og seksuelle overgrep

Vi ønskjer lukke til i vidare arbeid med rammeplanen!

Med vennleg helsing

Aukra kommune,

Marianne Bolghaug, pedagogisk rådgjevar

Berit Drejer, Bergetippen barnehage

Sissel Oliv Garseth, Barnebo barnehage